

Årsrapport for Sogn og Fjordane Næringsråd 2022



Styre i 2022 har vore:

Yngve Hallèn, leiar
Leif Arne Åsen, nestleiar
Elin Tveit Sveen
Tore Bråstad
Jannet Aksnes
Geir Arne Solheim
Jon-Rune Heimlid




Økonomi:

Sogn og Fjordane Næringsråd hadde eit overskot på 151.441,- kroner i 2022. Overskotet kjem først og fremst av at mange større arrangement har blitt avlyst og det har vore mindre reising. Det har vore nøktern drift også i 2022 utan at det har gått ut over medlemskontakt og det næringspolitiske arbeidet. Medlemstalet har vore stabil med om lag 120 medlemmar.

Tilbakeblikk på 2022

For Sogn og Fjordane Næringsråd har det vore god aktivitet også dette året. Regjeringa skapte mykje usikkerheit med nytt skatteregime både for havbruksnæringa og kraftselskapa hausten 2022. Dette er store og viktig saker som Sogn og Fjordane Næringsråd jobbar mykje med saman med desse næringane og i samarbeid med Næringsalliansen og andre næringspolitiske organisasjonar. I tillegg til dette har vi også jobba med store og små saker for våre medlemsbedrifter og vidareføringa av Grøn region Vestland.



Styret i Sogn og Fjordane Næringsråd på besøk på Stortinget 30. mars

Det var lagt opp til ein god arbeidsdag for styret på Stortinget med synfaring, fleire møter og dagen vart avslutta med å høyre talen til presidenten frå Ukraina, Zelensky i Lagtingssalen.

Styret fekk høyre første del av den munnlege spørjetimen på Stortinget der mellom anna næringsminister Vestre deltok. Deretter hadde vi møte med Erling Sande, Torbjørn Vereide og Alfred Bjørlo frå stortingsbenken til Sogn og Fjordane. Der tok vi opp aktuelle saker frå næringslivet i Sogn og Fjordane. Vi hadde også møte med Ove Tellevik H og Linda Merkesdal AP frå energi- og miljøkomiteen og Hordaland. Der var tema stortingsmeldinga om energi. Til slutt var det møte med Olve Grotle frå stortingsbenken til Sogn og Fjordane og middag i Stortingsrestauranten.



Sogn og Fjordane Næringsråd vil nytte høve til å takke Erling, Torbjørn, Olve og Alfred for eit svært godt og tillitsfullt samarbeid gjennom heile 2022 og vi ser fram til eit god samarbeid framover også.



Generalforsamlinga på Parken kulturhus på Raudeberg

Vi hadde Generalforsamlinga for 2022 hos dugnadsgjengen på Parken Kulturhus og møte eit spennande og aktivt næringsliv i Vågsøy og på kysten. Vi fekk mange døme på det. Mellom anna frå Måløy Vekst, Babord Group og Sea Technology AS.



Grøn region Vestland.

Arbeidet med Grøn region Vestland har verkeleg opna augne for kor mykje spennande som skjer i næringslivet i Sogn og Fjordane og i Vestland. Her har Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge og alle samarbeidspartnere gjort eit svært viktig arbeid som blir lagt merke til også nasjonalt. På Generalforsamlinga hadde vi innlegg både frå fylkesordførar Jon Askeland og Kathrin Jakobsen frå fylkeskommunen, i tillegg til konserndirektør ved Fjord Base Ole Schanke Eikum. Det blir jobba med mange store og banebrytande prosjekt for grøn omstilling på basen, og Sogn og Fjordane Næringsråd vil gjerne bidra til at desse prosjekta kan realiserast og skape nye arbeidsplassar og ny aktivitet.




Kraft- og energipolitikk.

Sogn og Fjordane Næringsråd har jobba mykje med kraft- og energipolitikk siste åra. På Generalforsamlinga hadde vi besøk av Ove Trellevik (H) frå Stortinget. Han hadde innlegg saman med Johannes Rauboti frå SFE, Elling Dybdal frå Tussa Energi og Bjarte Skår frå Hywer. Tema var nettpolitikk og auka kraftproduksjon for å kunne gjennomføre det grønne skifte. Det var også ein god bolk om Energimeldinga og generelle rammevilkår for denne viktige næringa.



Nye skatteforslag for havbruksnæringa og kraftselskapa.

Statsminister Støre og finansminister Slagsvold Vedum lanserte dei nye skatteforslaga på ein pressekonferanse 28. september. Dei skattegrepa som no er føreslege for havbruksnæringa vil gjere det svært krevjande å skape vidare vekst og trygge sysselsettinga i denne viktige distriktsnæringa. Særleg gjeld dette forslaget om ein ny grunnrenteskatt på 40 % av driftsoverskotet. I tillegg er det forslag om å auke formueskatten, auke produksjonsavgifta frå 500 til 750 millionar kroner og ein ny naturressursskatt på 750 millionar kroner. Produksjonsavgifta som kom i 2020 er ei «leigeavgift» for areal til kommunane. Alt dette vil bli ei så kraftig skatteskjerpning at det vil kunne gå ut over lønsemda, framtidige investeringar og arbeidsplassane. Sogn og Fjordane Næringsråd sende høyringsinnspel til finansdepartementet 4. januar 2023 og skal følge opp dette i 2023.



Då statsministeren og finansministeren lanserte dei nye skattane for havbruksnæringa var det tre viktige føresetnader. Dei minste familieeigde selskapa skulle skjermast, vertskommunane skulle sikrast større inntekter og investeringane i selskapa skulle ikkje råkast av omlegginga. Slik det ser ut no vil ingen av desse føresetnadane halde.



På pressekonferansen 28. september kom også regjeringa med framlegg til skatteskjerpning for kraftnæringa. Mellom anna skjerpning av grunnrenteskatten frå 37 til 45 % med tilbakeverkande kraft til 1.1.2022. Det betyr at marginals-katten blir 67 %. Det kom også forslag om å innføre eit høgprisbidrag for inntekter som kjem frå kraftprisar som er større enn 70 øre/kWh. Dette vil innebære at samla marginals-katt blir 90 % når kraftprisen er over 70 øre/kWh. Resultatet av alt dette vil at det vil vere at det blir meir krevjande å bygge ut ny fornybar energi. Det er svært negativt når vi veit at vi går mot eit kraftunderskot allereie i 2027 og manglar straum for å gjennomføre det grønne skifte.

For begge desse næringane er det ikkje motvilje mot å betale meir skatt, men både mengda av nye skattar, innretninga og måten det blir gjennomført på er svært uheldig.

Sogn og Fjordane Næringsråd vil halde fram med å arbeide for å få gode rammevilkår for næringslivet i Sogn og Fjordane. Det gjorde vi mellom anna då skatteforslaga frå Havbruksskatteutvalet og Kraftskatteutvalet kom i 2019 og det vil vi også gjere når Skatteutvalet sine forslag kjem til handsaming det komande året.

Opning av Jølstra Kraftverk.

Det var stor stas då statsminister Støre opna Jølstra kraftverk 22. november 2022. Det er eit av dei største kraftverket som er bygd dei seinare åra og det gjev straum til om lag 13000 husstandar. Eigarane av kraftverket, SFE og Eviny og dei som har hatt ansvaret for utbygginga kan vere stolte at eit fantastisk flott og viktig kraftanlegg.



Jølstra kraftverk fekk konsesjon i 2018 og det var ein lang prosess. Sunnfjord Energi fekk grønne sertifikat for utbygginga av Kjøsnesfjorden og det var også viktig i den tidlege fasen av planlegginga. Det vart gjort mykje godt arbeid under konsesjonshandsaminga og det viser igjen i ei skånsam og flott utbygging.



Vidareføring av Grøn Region Vestland. Søknad om prosjektmidlar.

Sogn og Fjordane Næringsråd har vore aktive medspelarar i arbeidet med Vestlandsparteføljen og dei regionale rapportane. Vi hadde ønske om å vere med på det vidare arbeidet med eit prosjekt om meir fleksibel bruk av fleire energikjelder for å auke kraftproduksjon særleg i område med dårleg nettkapasitet. Vi fekk dessverre ikkje prosjektmidlar frå fylkeskommunen, men desse tema er framleis like aktuelle. Her er noko av bakgrunnen for søknaden:

- Fleire analyser viser ein dramatisk reduksjon i kraftoverskotet i åra framover. Særleg vil dette gjelde ved høg elektrifisering i Noreg. Svært mykje tyder på at dersom ein skal kunne gjennomføre det grønne skifte treng ein betydeleg meir fornybar energi. Det gjeld både lokal kraftproduksjon og auka kraftproduksjon frå fornybare energikjelder
- Dette konseptnotatet foreslår eit prosjekt med lokalt, regionalt og internasjonalt innovasjonspotensiale der Sogn og Fjordane



Næringsråd kan ta ei sentral rolle som prosjektleiar og dørøpnar for både etablert og uetablert næringsliv i regionen.

- Gjennom eit strukturert innovasjonsprosjekt, mellom anna med mål om å etablere eit demonstrasjonsprosjekt for optimal utnytting av naturressursane i fylket, kan vi vere med å utvikle eit produkt som er eksporterbart både nasjonalt og internasjonalt.
- Eit slikt prosjekt vil også kunne vere med på å forme framtidens kraft- og energipolitikk.

Næringspolitisk arbeid.

Sogn og Fjordane Næringsråd si hovudoppgåve er å arbeide for gode rammevilkår for næringslivet i Sogn og Fjordane og våre medlemmar i tillegg til å ta opp enkeltsaker for enkeltmedlemar eller for heile næringar. Dette gjer vi i tett samarbeid med stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane, Næringsalliansen i Vestland og Vestland fylkeskommune. Saman med Næringsalliansen har vi sendt mange høyringsinnspel både til nasjonale og regionale myndigheiter.

Dei viktigaste sakene dette i 2022 har vore dei nye skatteforslaga frå regjeringa som råkar havbruksnæringa svært hardt. Dette vil vere ei svært viktig sak også i 2023.

I 2022 har det også blitt jobba mykje med andre viktige saker som oppfølging av NTP og RTP i tillegg til alt som har med kraftpolitikk. Det har vore ekstreme prisar på straum i deler av Sogn og Fjordane gjennom heile 2022 og det har fått dramatiske konsekvensar for lønsemda i mange bedrifter. Dette er nasjonal politikk og er derfor svært viktig å følgje opp dette inn mot nasjonale myndigheiter og stortingsrepresentantane.

I tillegg til desse sakene har vi jobba mykje med andre saker for enkeltbedrifter. Ei av dei er for medlemsbedrifta Norways Best i Flåm og Aurland kommune. Dei har mange og store utfordringar med nullutsleppskravet for cruise-båtar frå 2026, koronastøtta og trafikken på Flåmsbana. I tillegg er det slik som i resten av regionen stor uro over at det kan bli stenging av Lærdalstunnelen i langt tid frå 2024. Dette vil skape så store utfordringar både for næringslivet og for innbyggjarane i regionen at det må finnast andre løysingar. SFN hadde møte med Arve Tokvam og Per Skjerdal før jul der dette var tema.

Evaluering av drift og det næringspolitiske arbeidet i Sogn og Fjordane Næringsråd

Sogn og Fjordane Næringsråd vart skipa i 2016 og hadde det første driftsåret i 2017. Det er viktig med jamne mellomrom å sjekke ut om ein er på rett kurs og om ein eventuelt skal endre kurs eller målsettingar.

22. november 2022 gjorde styre følgjande vedtak:

Sogn og Fjordane Næringsråd skal utarbeide ein strategiplan for åra 2024-2026 i løpet av første halvår 2023. Dagleg leiar skal lage eit utkast til plan for arbeidet basert på drøftingane i styre.

Strategiplanen skal leggst fram for styre til handsaming på styremøte våren 2023. Den skal innehalde: - Framtidig organisering - Økonomiske rammevilkår - Næringspolitiske målsettingar.



Ved utgangen av 2022 kom det fram spennade tankar om eit meir forpliktande samarbeid med HVL eller andre som kan få konsekvensar for orgainseringa av arbeidet i SFN og evt økonomien i organisasjonen vår. Vi ser at vi ved årsskifte er litt på etterskot med strategiarbeidet, og vil heller bruke litt lenger tid enn å forhaste oss og kanskje få eit dårlegare grunnlag for evalueringa og prioriteringar framover.


Sogn og Fjordane Næringsråd ønskjer tilbakemelding frå våre medlemar om korleis vi kan forbetre oss i det næringspolitiske arbeidet for våre medlemar og næringslivet i Sogn og Fjordane og vi set stor pris på alle tilbakemeldingar.

Samandrag

2022 har vore eit aktivt og spennande år for Sogn og Fjordane Næringsråd. Vi har hatt eit godt samarbeid med Stortingsbenken frå Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Næringsalliansen i Vestland i tillegg til mange organisasjonar og enkeltbedrifter i Sogn og Fjordane og Vestland.

Den viktiaste samarbeidspartnerane er likevel medlemane våre og vi er svært glade og takksame for at vi har eit stabilt medlemstal av mange viktige bedrifter og organisasjonar frå heile Sogn og Fjordane.

Hornindal/Sogndal 16. mars 2023



Yngve Hallén
Styreleiar



Bjørn Lødemel
Dagleg leiar